

## **Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.02.2014**

Det vart stilt spørsmål om habiliteten til fylgjande representantar:

Atle Kvåle, Alf Helge Greaker og Inger Ulvund, som alle er styremedlemer i Askøy Bompengeselskap AS

Utvalet fann at representantane var ugilde.

**Tom Skauge** sette fram fylgjande forslag.

Samferdselsutvalet viser til svar i sak RS3 om lysregulering på Nautnes bru og til Regional transportplan Hordaland 2013–2024 med vedtak s. 75: «Nautnes bru i Øygarden vert lysregulert».

Samferdselsutvalet ber om at tiltaket vert lagt inn som budsjettendring i saka.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Tom Skauge sitt forslag fekk 1 røyst og fall.

### **Innstilling**

Fylkestinget godkjenner at ordninga med forskottering frå Askøy kommune til prosjekt i Askøypakken vert avslutta frå og med 2014 og opphevar tidlegare forskotteringsvedtak.

2. Fylkestinget godkjenner at forskottering frå Askøy kommune til og med 2013 til prosjekt i Askøypakken på til saman 17,5 mill. kr vert tilbakebetalt til kommunen i 2014.
3. Budsjettet for 2014 vert endra slik:

Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10.300 420 00	02301	07602	Fylkesvegar	52 000 000	
10.300 420 00	06201	07602	Bompengar (Askøypakken)		94 500 000
10.300 420 00	08100	07602	Rassikringsmidlar - statstilskot		24 000 000
10.300 420 00	08500	07602	Forskottering	85 000 000	
10.300 420 00	04500	07602	Tilbakebetaling forskottering	17 500 000	
10.300 420 00	08900	07602	Tilskot (rundkøyning Askøy)		25 000 000
10.790 110 00	07290	09977	Momskomp		11 000 000
				154 500 000	154 500 000

## Vedtak